

Det er ikkje nokon aprilspøk - onsdag 1. april spelar Gunslingers opp til påskedans i Dønhauglåven. Dei vitjar låven og Uskedalen for tredje gong. Siste gongen var i 2013 då det populære bandet samla fullt hus i påska.

Men så er det da også eit av dei mest ettertrakta i landet med fleire millionar nedlastingar i året. Ein av dei mest populære spelestadane er Seljord. Bandet har da også laga ein låt med denne tittelen.

Karrieren til Gunslingers starta i 2008 og etter 2 år var det eit av dei mest populære på festivalar rundt om. Det er eit pop-country-band som har gjeve ut 4 CD-ar og ein Live DVD. Det førebels siste var Made in Norway som kom hausten 2013 og fekk ei svært god mottaging landet rundt.

Tekstane er sjølvskrivne, humoristiske og vert presenterte på ekte hardangerdialekt. Den ligg vokalist Frode Måkestad nærast. Jostein Fonnes spelar bass, Dan Mikal Ripe Frøystad steelgitar, Frode Andreassen trommer og Jan Ove Johansen gitar.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen

Foto: Privat